

Møtebok FR 14. februar 2024

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 14. februar 2024 kl. 17:00
Opningsord: Dag
Stad: Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES:

Dag Sele (Stord), Knut Gram (Stord) Heine Kaldefoss (Nysæter), Tormod Stautland (Nysæter), Tom Knudsen (kommunal representant), Jørgen Knudsen (geisteleg repr) og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2024/04 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent med følgjande merknad: Sak 2024/07 og 2024/08 går ut pga. manglande kapasitet i administrasjonen. Sakene vert handsama under eitt på FR-møtet i april.

Samrøysta vedteke.

2024/05 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 10. jan. 2024.

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2024/06 133 Førebels resultat driftsrekneskap 2023.

Førebels driftsresultat for 2023 vert teke til vitande.

Fellesrådet ber om å bli orienterte på Epost så snart tala er gjennomarbeidde og klare for revisjon.

Samrøysta vedteke.

2024/07 111 Økonomiplan, drift 2024-2027

Saka er utsett til april-møtet

Samrøysta vedteke.

2024/08 113 Investeringsbudsjett 2024-2027

Saka er utsett til april-møtet

Samrøysta vedteke.

2024/09 279 Bemanningsstrategi og stillingsstruktur

Stord kyrkjelege fellesråd tek orienteringa frå kyrkjeverja til vitande.

Kyrkjeverja blir bedt om å laga ein oversikt over noverande stillingsstruktur samt ei skisse over kva ressursar me treng på Stord i åra framover.

Fellesrådet ynskjer i tillegg ein oversikt over kva stillingar som er finansiert via kommunalt rammetilskot og kva som vert finansiert gjennom statlege tilskot.

Saka om bemanningsstrategi og stillingsstruktur vert handsama i fellesrådet innan juni 2024.

Samrøysta vedteke.

2024/10 046 Innspel til årsrapport for Stord kyrkjelege fellesråd 2023.

Stord kyrkjelege fellesråd ber kyrkjevevja ta med fellesrådet sine innspel til årsmelding 2023.

Endeleg vedtak av årsmeldinga 2023 blir på møtet i juni 2024.

Samrøysta vedteke.



Referat, meldingar, orienteringar:

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Knut & Dag
 - Gjennomgang av utvala.
 - Prosten orienterte om Moster 2024 samt div. anna informasjon.
 - Oppfordring frå sokneprest Jørgen om å delta på gudstenesta i Stord kyrkje 17. mai.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Tormod
 - Puls på livet/sofaprat med Ståle Einarsen 5. mars.
 - Basar 16. mars.
 - Nysæter sokneråd har hatt eit ekstraordinært møte for å drøfta budsjett 2024. Første ordinære møte er i neste veke.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Årsmøtefest i mars.
 - Det går bra med økonomien for Kyrkjestova.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
 - Ikkje særleg framdrift sidan sist, men det er stort behov for å halda saka varm.
- Nytt frå staben:
 - Velukka deltaking på stiftsmøte i Bergen i førre veke.
 - Stillingar og status.
 - Orientering om sjukemeldingar.
 - Orientering om utvikling i staben og førebuing av utlysingar i løpet av våren.
- Nytt frå gravplassane.
 - Frugarden gravplass, byggetrinn II er med i Stord kommune sitt investeringsbudsjett for 2025, og planlagt ferdig innan 2027.

Stord 14.02. 2024

For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar

Liv Kari Bru
Kyrkjevevje/dagleg leiar

Neste møte i fellesrådet er
04. april 2024 kl. 17:00